



Bestemmelser for bruk av vassmålarar for abonnentar tilkopla Ål kommune sine vass- og avløpsanlegg.

Innkjøp, installasjon og vedlikehald av vassmålar

- Målaren er abonnenten sin eide dom og blir betalt av denne. Kommunen bestemmer type, plassering og storleik på målaren, tilpassa forbruket.
- Abonnenten må sjølv betale installasjon av vassmålar i konsoll og ev. flytting av målaren. Installasjon av målar skal utførast av ein godkjent rørleggjar i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande reglement. Etter montasje skal vassmålaren plomberast av utførende rørleggjar eller - etter spesiell avtale - av kommunen.
- Abonnenten er sjølv ansvarleg for kontroll, vedlikehald og utskifting. Dersom plombering blir brote skal kommunen varslast snarast for ny plombering.

Avlesing

- Avlesing av vassmålaren vert gjort ein gong kvart år. Abonnenten gjer avlesing på tilsendt avlesingskort og sender melding innan fastsett frist.
- Dersom avlesing av vassmålar ikkje blir utført til bestemt tid eller dersom data ikkje blir innmeldt til kommunen, blir årsforbruket stipulert. Kommunen kan ev. sjølv velje å foreta avlesing av forbruket for abonnenten si rekning (avlesingsgebyr). Avlesingsgebyret blir fastsett av kommunen og går fram av gebyrregulativet.

Kontroll

- Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsle dato og tid. Vassmålaren må plasserast slik at den er lett tilgjengeleg både for avlesing og revisjon/utskifting.
- Kommunen kan krevje at abonnenten dokumenterer at godkjent firma kvart 8. år har kontrollert og funne målaren i orden eller skifta ut denne. Viser kontrollen ei feilavlesing på meir enn 5 %, blir det gjort jestering av årsgebyret for foregående år. Heile utskiftinga vert betalt av abonnenten.
- Dersom det ikkje let seg gjera å beregne feilmålte mengder nøyaktig, utan at dette medfører store kostnader, blir gebyret justert for den perioden det er tvil om etter gjennomsnittet av nærmeste avlesingsperiode før feilen vart påvist, og/eller etter at den er utbeta.



Fleire tilknytingar

- Kvar brukseining skal normalt berre ha ei tilknyting. I dei tilfelle ein brukseining har fleire tilknytingar, skal det installeraast ein målar for kvar tilknyting. Eventuelle interne målarar er kommunen uvedkomande.

Anna

- Når vassmålar er montert, kan denne ikkje fjernast utan samtykke frå kommunen.
- Dersom vassmålar ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk etter vedtekne beregningsreglar.
- Blir ein målar som er i bruk borte eller skada, skal abonnenten omgåande melde dette til kommunen.. Plomberte målarar kan berre opnast av godkjent rørleggjar, av kommunens personell, eller under oppsyn av kommunens personell. Er ei plombe brote, vert vassforbruket for vedkomande termin fastsett til antekje forbruk ganger 4.
- For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld elles kommunens tekniske bestemmelser.

ÅL 23.08-07